

Herand Bygdelag

Årsmelding 2011

Årsmøtet i Herand Bygdelag vart halde søndag 20. mars 2011 saman med Herand Landskapspark. Etter årsmøtet har styret for bygdelaget vore:

Leiar:	Dan Danielsen
Nestleiar:	Hallvard Hoås Samland
Kasserar:	Gerd Ingeborg Haugen
Skrivar:	Ole-Gisle Vassel
Styremedlem:	Bjørge Samland
Styremedlem:	Jane Lene Svåsand
Varamedlem:	Einar Ystevik
Varamedlem:	Britt Heidi Selsvik
Varamedlem:	Sidsel Haugen

Leiar Dan Danielsen hadde frå 1. september til 31. desember sjukdomsforfall frå styret, i denne perioden fungerte nestleiar Hallvard Hoås Samland som leiar.

Det har vore 11 styremøter i bygdelaget i 2011. Ein gjennomgang av møtereferata syner følgjande hovudaktivitetar i meldingsåret:

Barnehagen.

Barnehagen vart i styremøte 16. februar vedteken nedlagt med verknad frå 1. august 2011. Bakgrunnen for vedtaket var det negative driftsresultatet for 2010. Seinare omgjorde styret dette vedtaket og drifta har inntil vidare halde fram. Bakgrunnen for å halde fram drifta var at det offentlege tilskotet saman med auke i barnetal og auka opphaldstid gav budsjettgrunnlag for vidare drift. Mange i bygda ynskte også at bygdelaget skulle tilby barnehage vidare, dette kom ikkje minst fram på årsmøtet. Styret har hatt stort fokus på budsjettkontroll på barnehagedrifta i 2011. Styret vil takke for det store dugnadsarbeidet som Bjørge Samland, Solveig Urheim og Marta Samland har utført ved å vaske i barnehagen og slik bidra til å redusere driftskostnaden. Samla årsresultat for barnehagedrifta synte eit overskot på ca kr 219.000.

Som dei fleste er kjend med har kommunen i februar 2012 oppdaga ein feil i sin berekningsmodell for tilskotet og overført ca kr 309.000 for mykje i tilskot til barnehagen i 2011. Kommunen krev denne summen tilbakebetalt. Styret har klaga kommunen sitt vedtak inn for klagehandsaming i FS. Ingen i styret i bygdelaget eller rekneskapsføraren var kjend med at utbetalingane frå kommunen var feil.

Bygdedugnaden.

Dugnaden vart halden 30. april med svært godt framme, 116 personar med store og små deltok i det fine været. Kvinne- og familielaget hadde laga og serverte graut og kaffimat i bedehuset, dette smakte som vanleg framifrå. Matøkta i bedehuset har vorte ein positiv tradisjon som alle set pris på. Det vart utført mykje dugnadsarbeid mange stader i bygda, som m.a.:

- Rydding og vedlikehald på kyrkjegarden og spyling av klokketårnet.
- 4H-ungdomane rydda langs fylkesvegen i heile bygda og i sentrum

- Rydding av blomebed og spyling i båthamna
- Opprydding på badeplassen og muring av blomebed
- Rydding og sesongklargjering i og kring båtmuseet
- Rydding og planting rundt bedehuset
- Maling utvendig på skulen mot vest og aust
- Fjerna buskas og trær ved innkjørsel til skulen og ved akebakken
- Diverse arbeid på ballbingen vart påbegynt
- Opprydding ved Grannahuset og fjerning av buskas
- Opprydding på helleristningsfeltet og felling av skada trær
- Rydding og vedlikehald på turstiane

Styret takkar alle for innsatsen og medverknaden til å gjere bygda innbydande for oss som bur her og alle tilreisande.

Herandshelg.

Herandshelga vart arrangert 2. og 3. juli. Trivsel- og kulturgruppa var ansvarleg for gjennomføringa og Sonja Skarde leia arrangementet. Besøkjande kunne få med seg både underholdning og mange ulike aktivitetar som m.a.:

- Musikkinnslag ved ulike musikarar og musikklaget
- Demonstrasjon av oppgangssaga
- Ope hus på Marine Harvest sitt setjefiskanlegg og sjøanlegget på Svåsand
- Aktivitetar i båthamna
- Båttur på fjorden med Pilagutt
- Grilling på badeplassen
- Ope båtbyggjarmuseum
- Open kulturutstilling på skulen
- Open krambu i Vik
- Ope gardsmuseum på Tveite
- 4H sin utstilling av ulike dyr
- Gudsteneste i bedehuset
- Kyrkjekaffi hos Haldor og Berit på Tveite

Julemessa.

Messa gjekk av stabelen 26. november med god oppslutnad av utstillarar og besøkande. Trivsel- og kulturgruppa gjorde ein framifrå jobb med å planleggje og gjennomføre messa. Dessverre var været så dårleg at fakkeltoget til båthamna med tenning av julegrana måtte avlysast. Nissen var på plass på skulen med godteposane sine til dei minste.

Basaren.

Den årlege basaren vart arrangert 29. desember under leiing av Sidsel Haugen. Styret hadde god hjelp av Johan Urheim og Trond Vikane i forkant av basaren med å få tak i gevinstar til loddbøkene, dei gjekk og rundt i bygda og selde lodd på bøkene. Basaren og sal av lodd på julemessa gav eit samla overskot på ca kr 44.500. Styret takkar alle som gav gevinstar og for svært godt frammøte og oppslutning om basaren.

Herand Bygdeblad.

Redaksjonen for bygdebladet har også i 2011 gjort ein stor dugnadsinnsats med å produsere og distribuere fire flotte nummer av det populære bladet. Bygdebladet hadde 295 faste abonnentar siste året og gav eit overskot på ca kr 27.100. Styret takkar heile bladredaksjonen for framifrå innsats.

Herand, mars 2012.

Dan Danielsen	Hallvard Hoås Samland	Gerd Ingeborg Haugen
Jane Lene Svåsand	Bjørge Samland	Einar Ystevik
Britt Heidi Selsvik	Sidsel Haugen	Ole-Gisle Vassel